



Naturvernforbundet Kvinnherad  
Austrepollen  
5476 MAURANGER

Dato: 08.05.2014  
Vår ref.: 2014/10847-49  
Saksbehandlar: kjesigv  
Dykkar ref.:

Dykkar referanse: Dagny Fuglø

## **Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak 2014 – Tilsegn om kr 50 000,- til Naturvernforbundet Kvinnherad – Skogseminar på Varaldsøy**

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde prosjekt datert 18.03.2014. De søkte om kr. 50.000,-. Vi har i 2014 motteke i alt 27 søknadar om tilskot, samla søknadsum er kr. 1.587.080,- medan budsjettposten er på kr. 655.000,-.

Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver **kr 50.000,-** til prosjektet frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2014.

### **Beløpet blir overført til kontonummer: 3460.20.64834**

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland: <http://www.hordaland.no/miljo>

### **1. PROSJEKTGRUNNLAG**

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

#### **Overordna mål:**

- Få folk til å bli glade i naturen og biologisk mangfald, og læra at den måten me oppfører oss på, påverkar klimaet.
- «Livskvalitet finst i naturen.»

#### **Enkel beskriving av prosjektet:**

Skogseminar på Varaldsøy: kjentmann Arild Gjuvslund og ulike personar og ekspertar vil undervise om skogens mangfald på ulike plan.

### **2. PROSJEKTORGANISERING:**

**Prosjektansvarleg:** Dagny Fuglø

**Planlagt slutt:** 15 juni 2014

### **3. VILKÅR FOR TILSKOTET**

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### **Profilering**

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

### **Rapportering**

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

### **Utbetaling**

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

### **Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### **Klage/innsyn i dokumenta**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### **5. KONTAKTPERSON**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: [Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no](mailto:Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no)

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen  
leiar

Kjetil Sigvaldsen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*